

Sunnfjord vassområde

MØTE I SUNNFJORD VASSOMRÅDEUTVAL

Fredag 10. november kl 10 - 13

Stad: Førde, Storehagen 1B, 1. etg, møterom «Fjaler» (innafor kantina)

Desse møtte:

Mathias Råheim, leiar	Gaular, politikar
Gunnar Osland, nestleiar	Askvoll, politikar
Jan Arve Midbø	Flora, politikar
Jacob Andre Sandal	Jølster, politikar
Truls Hansen Folkestad	Gaular, adm
Geir Grytøyra	Askvoll og Fjaler, adm
Kaja Standal Moen	Flora, adm
Magne Reidar Førde	Førde, adm
Solfrid Trå	Jølster, adm
Arne Stig Sortevik	Naustdal, adm
Merete Farstad	Sogn og Fjordane fylkeskommune
Tom Dybwad	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Bente Elisabeth Lien	Mattilsynet, avd Sunnfjord og Sogn
Janne Grønli	Statens vegvesen Region Vest
Staffan Hjøhlman	Prosjektleiar/sekretær

Forfall:

Fjaler kommune, politikar
Førde kommune, politikar
Naustdal kommune, politikar
Fiskeridirektoratet, region Vest
Kystverket vest
Norges vassdrags- og energidirektorat, Region Vest


Godkjenning av innkalling

Det var ein merknad til innkallinga. Leiar og nestleiar i Sunnfjord vassområde var feilaktig oppgitt som leiar og nestleiar i Nordfjord vassområde. Dette er retta i saksutgreiinga nedanfor.

Sak 4 Ny vassforskrift på høyring

Drøfting av konsekvensar og eventuell uttale frå vassområdeutvalet

Klima - og miljødepartementet (KLD) og Olje - og energidepartementet (OED) har sendt forslag til endringar i vassforskrifta og naturmangfaldlova ut på høyring med høyringsfrist 15. januar 2018. Ny vassforskrift vil etter planen tre i kraft frå 1. juli 2018. Det er omfattande endringar på organisering som er føreslege, mellom anna:



Sunnfjord vassområde

- Vassforvaltningsplanen skal ikkje vedtakast som ein regional plan etter Plan- og bygningslova
- Naturmangfaldlova vil erstatte Plan- og bygningslova som ein av tre lovheimlar for vassforskrifta
- Fylkeskommunen vil ikkje lenger ha rolla som vassregionmyndigheit
- Utvalte fylkesmenn får ansvaret for å koordinere det førebuande regionale arbeidet i vassregionen, dei får status som *Regional vasskoordinator*
- Miljødirektoratet, i samråd med aktuelle direktorat, skal utarbeide og syte for høyring av oppdaterte vassforvaltningsplanar og sende over ei tilråding til Klima- og miljødepartementet.
- Om vassregionutval og vassområdeutval står det følgjande: *Der det er hensiktsmessig kan regional vannkoordinator innanfor den enkelt e vannregionen opprette et vannregionutvalg og dele hele eller deler av vannregionen inn i vannområder.*

Årsmelding 2016 og aktivitetsplan 2017 for vassområdet illustrerer nokre av vassområdet sine funksjonar. Dokumenta er tilgjengelege på vannportalen: <http://www.vannportalen.no/sunnfjord>

På møtet i vassområdeutvalet 10.11 vil det bli orientert om NIBR sine vurderingar om utfordringar med samhandling i norsk vassforvaltning.

Vi ønskjer mellom anna å leggje opp til ei drøfting av betydninga av vassregionutval og vassområdeutval som samhandlingsarenaer. Sogn og Fjordane vassregionutval vart oppretta i januar 2011, vassområdeutvala for Nordfjord, Sunnfjord, Ytre Sogn og Indre Sogn vart oppretta i 2011/2012. Vi legg opp til drøfting og utveksling av erfaringar frå arbeidet i vassregionutval og vassområdeutval for denne perioden. Alle kommunane i vassområdet er også representerte i vassregionutvalet.

Vi legg opp til drøfting av ulike problemstillingar, sjå under. Referat frå erfaringsutvekslinga og drøftingane, vil vere innspel til Sogn og Fjordane vassregionutval, der arbeidsutvalet vil drøfte temaet i møte 29. november. I arbeidsutvalet er berre ein kommune frå kvart vassområde representert gjennom leiarane i vassområda, saman med statlege styresmaktar og Sogn og Fjordane fylkeskommune. I Sunnfjord vassområde er Mathias Råheim frå Gaular kommune leiar og Gunnar Osland frå Askvoll kommune er nestleiar.

Referatet, eventuelt ei uttale kan om ønskjeleg sendast inn som eige høyringsinnspel til ny vassforskrift.

Drøftingar :

- a. Betyding av vassregionutval og vassområdeutval som samhandlingsarena (mellom kommunar og mellom stat og kommune). Erfaringsutveksling og råd for eventuell vidare drift av desse
- b. Kva skal til for å få til heilskapleg forvaltninga av vassdraga, grunnvatnet, fjordane, kysten vår? Korleis bør vi organisere oss for å få det til?
- c. Er politisk forankring av arbeidet etter vassforskrifta (miljømål, tiltak) viktig på kommunalt nivå eller er ei politisk forankring ikkje viktig? Om ein ønskjer politisk forankring; når, kor, og korleis bør ein sikre dette? Korleis vert dette teke i vare på i framlegg til ny vassforskrift?



Sunnfjord vassområde

- d. Er det viktig at vassforskrifta er heimla i plan - og bygningslova , eller sikrast god vassforvaltning gjennom naturmangfaldlova? Kva betyr dette for kommunane når dei utarbeider kommunale planer etter plan - og bygningslova?

Sak 4-2017 Sunnfjord vassområdeutval 10.11.2017

Det kom fram mange innspel i drøftingane om forslaget til ny forskrift.

- Fylkesmannen var ikkje budd på endringane i vassforskrifta. Mykje er ikkje avklart, mellom anna økonomi. Det er i statsbudsjett føreslått vesentlege reduksjonar i midlane til vassforvaltning. Det er såleis uvisst i kva grad Fylkesmannen makter å delta i finansieringa av vassregionutval og vassområdeutval, og om Fylkesmannen vil vidareføre desse utvala dersom endringane trer i kraft som føreslått frå 1. juli 2018. Prosessen med samanslåing av Fylkesmannsembeta i Hordaland og Sogn og Fjordane gjer situasjonen endå meir uavklart.
- Fylkeskommunen viste til at det ikkje er avgjort om Sogn og Fjordane vil halde fram som eigen vassregion eller bli slått saman med Hordaland.
- Forslaget inneber at fylkeskommunen mistar si rolle som vassregionstyresmakt og at fleire oppgåver innanfor vassforvaltninga blir flytta frå regionalt nivå til statleg nivå. Dette strider mot føresetnadene som fylkestinga i Sogn og Fjordane og Hordaland sette for å vedta samanslåing, jamfør regionreforma, nemleg at oppgåver skal flyttast frå stat til den nye regionen. Det er sett ned eit ekspertutval som vil sjå på kva for oppgåver som er aktuelt å flytte frå staten til regionane. Konklusjonane til ekspertutvalet er venta til hausten 2018, det vil seie etter at den reviderte forskrifta er føreslått innført.
- Fleire i vassområdevalet tok til orda for at prosessen med vassforvaltning har byrja å gå seg til. I starten verka temaet komplisert og byråkratisk. Men under vegg er ein vorte meir kjent med denne måten å arbeide på, med omgrep, organisering og speislag.
- Det er no ting byrjar å skje med samordning av tiltak med meir.
- Det var semje om at ein bør halde fast ved den eksisterande organiseringa med vassregionutval og vassområdeutval.
- Det vert utfordrande å halde på lokalt engasjement når styringa skal overførast til staten.
- Det er viktig at prosessane innan vassforvaltning blir godt lokalpolitisk forankra.
- Det vart uttrykt uro over konsekvensane av endringane. Det vil krevje tid og ressursar å etablere ei ny organisering. Dette vil gå ut over framdrifta med gjennomføring og samordning av tiltak.
- På kommunenivå bør ikkje prioriteringsplanen for tiltak vere heimla i PBL. Planar heimla i PBL er arbeidskrevjande og har tungrodde prosedyrar dersom prioriteringane skal fråvikast. Det er vidare nødvendig at den kommunale kostnaden med gjennomføring av tiltaka vert forankra i årlege budsjett og økonomiplanen i kommunen. Elles vil prioriteringsliste meir bære preg av ei ønskeliste. På grunn av at den årlege økonomien i kommunane vil variere frå år til år, er det ønskjeleg med planar som lett kan fråvikast og omprioriterast, og då vil planar som ikkje er heimla i PBL vere meir fleksible.
- For å kunne overhalde krava i gjeldande forskrift § 4 (som også blir vidareført i framlegget til revidert forskrift § 6) om å verne vassførekomstar mot forverring av økologisk tilstand, er det



Sunnfjord vassområde

naudsynt med langsiktig planlegging i kommunane. Ein er då avhengig av overordna regional myndigheit, som kan sikre samordning av mål, tiltak og prioritering.

- Alle kommunar har fått framlegget til revidert vassforskrift til høyring og kan lage eigne høyringsuttalar. Statens vegvesen vil lage eigen høyringsuttale. Det var føreslått at Sunnfjord vassområdeutval sender ein høyringsuttale, med kopi til kommunane i vassområdet, som eit innspel til kommunal behandling av høyringa. Kopi også til fylkeskommunen ved hovudutval for næring og kultur.

Sak 4-2017 Vedtak

Sunnfjord vassområdeutval skal sende inn uttale basert på drøftingane. Prosjektleder formulerer uttalen og sender til medlemne i vassområdeutvalet, saman med møtereferatet. Medlemne får kort frist til å melde tilbake eventuelle rettingar og tillegg til uttalen. Endeleg uttale vert sendt inn med kopi til kommunane i vassområdet og til fylkeskommunen ved hovudutval for næring og kultur. Vedtaket var samrøystes

Sak 5-2017 Rekneskap 2016

Sunnfjord vassområdeutval tok til vitande førebels rekneskap for 2016 i møte 3.10.2017 (sak 3-2017), med følgjande merknad:

Prosjektleder skal legge fram endeleg rekneskap på seinare møte i vassområdeutvalet. Den endelege rekneskapen skal vere revidert etter gjeldande reglar. Rekneskap 2017 vert å behandle i vassområdeutvalet mars-april 2018 saman med budsjett 2018.

Rekneskapen er no revidert av Sogn og Fjordane fylkeskommune, og prosjektleder har innhenta opplysningar frå Sogn og Fjordane revisjon om reglane for godkjenning av tilsvarende prosjektrekneskap. Rekneskapen til Sunnfjord vassområde inngår som ein del av fylkeskommunen sin totale rekneskap, som er godkjent av Sogn og Fjordane revisjon. Det er ikkje spesielle krav til godkjenning av rekneskapen til vassområdet, korkje i Prosjektplanen for 2015 – 2021, eller bidragsytarane til spleiselaget (jamfør vedtak i kommunane om tilslutnad til prosjektplanen).



Sunnfjord vassområde

Rekneskap 2016 for Sunnfjord vassområdeutval (VOU)

	Rekneskap 2016 Revidert 30.10.2017	Førebels rekneskap 2016 (Sunnfjord VOU 03.10.2017)	Budsjett 2016 I flg Prosjektplan (Sunnfjord VOU 11.03.2016)
UTGIFTER			
Prosjektleiing	361 562	361 055	430 000
Møter, reiser, kurs	61 203	61 203	70 000
Vassanalyser, overvaking	171 112	171 049	300 000
Konsulenttenester	0	0	800 000
Sum utgifte	593 877	593 307	1 600 000
INNTEKTER			
Midlar frå kommunar	-400 000	-400 000	-367 236
Statlege midlar	-325 000	0	
Statlege midlar (Storevatnet)	-100 000	-100 000	
Fylkeskommunale driftsmidlar	-75 000	-325 000	-400 000
Sum inntekter	-900 000	-825 000	-767 236
RESULTAT			
Avsetning(-)/bruk(+) fond	-306 123	-231 694	832 764
Saldo pr 01.01.	-2 339 293	2 326 236	2 326 236
Saldo pr 31.12.	-2 645 416	2 557 930	1 493 472

Sak 5-2017 PROSJEKLEIAR SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Vassområdeutvalet godkjenner rekneskapen for 2016.

Sak 5-2017 Vedtak

Vassområdeutvalet godkjenner rekneskapen for 2016. Samrøystes

Sak 6-2017 Bruk av vassområdemidlar

Prosjektgruppa, dvs. dei administrative kontaktpersonane i kommunane, har som oppgåve å setje i verk miljøovervaking innanfor vassområdeutvalet sitt budsjett (Vassområdeutvalet 11.03.2016, Sak 2-2016). Tabellen nedanfor er ei samanstilling av utgifter til overvaking i 2016 – 2017, saman med beløpa som kommunane har betalt inn i spleiselaget til vassområdet.

Prosjektgruppa vil vurdere framhald av overvaking i 2018, og vil kunne prioritere innsatsen etter behov og prinsipp om at utgift per kommune over tid skal stå i rimeleg forhold til midlane som kommunen bidrar med. Det blir lagt til grunn at budsjettposten «Vassanalyser og overvaking» også kan omfatte kjøp av konsulenttenester til kunnskapsinnhenting og problemkartlegging.



Sunnfjord vassområde

Samanstilling av utgifter til overvåking i 2016 – 2017 og bidrag frå kommunane i vassområdet. Fylkeskommunen og Fylkesmannen bidrar med same beløp som kommunane totalt, men deira bidrag er ikkje tatt med i tabellen.

	Bidrag frå komm per år 2016-21	Bidrag frå komm 2016-17	Kostnad vass-analysar 2016-17	Kostnad Biologi undersøk 2016	Tal prøver biologi undersøk 2017	Kostnad biologi unders 2017	Sum overvåking 2016-17	% av bidrag frå komm
Askvoll	41 241	82 482	22960		4	70 792	93 752	114 %
Fjaler	44 044	88 088	24640		3	53 094	77 734	88 %
Førde	83 684	167 368	23680			0	23 680	14 %
Jølster	54 054	108 108	10780	36000	3	53 094	99 874	92 %
Gaular	50 450	100 900	18145			0	18 145	18 %
Flora	84 485	168 970	37793		4	70 792	108 585	64 %
Naustdal	42 042	84 084	15450			0	15 450	18 %
Totalsum	400 000	800 000	153 448	36 000	14	247 771	437 219	55 %

Sunnfjord vassområdeutval 10.11.2017

Prosjektlear opna for innspel om bruk av midlane. Det kom innspel om auka innsats på miljøgifter og mikroplast. Det er høve til å ettersende innspel til prosjektlear.

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.

Staffan Hjohlman
ref.